

Årsrapport 2017 SNO-Luster

JOSTEDALSMBREEN NASJONALPARK



Desember 2017
Statens naturoppsyn, Miljødirektoratet
Anne Rudsengen

Føreord

Dette er den sjuande årsrapporten frå SNO-Luster til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre. Her er ei oppsummering av det arbeidet som SNO har gjort og vore med på i 2017 for nasjonalparken. For dei ulike tema er det sagt noko om kva som er utfordringar, utviklingstrekk og tilrådingar vidare.

Arbeid gjennomført etter «Bestillingsdialogen» mellom SNO og nasjonalparkstyret hausten 2016 er omtalt og utkvittert i vedlagte skjema. SNO freistar å følgje opp alle dispensasjonar og løyve som vert gitt av nasjonalparkstyret. Mykje av SNO sitt arbeid i nasjonalparken i år har vore knytt til besøksforvaltning.

Arbeidet som SNO utfører blir dokumentert gjennom ulike databaser. Den elektroniske feltdagbok viser m.a. kor mykje tid som er brukt i ulike verneområde og på oppsyn etter andre lovverk. I Verneområdeloggen er idealet at alle tiltak og anlegg i nasjonalparken blir kartfesta og vist med bilde. Dette er vanskeleg å følgje opp gjennom sesongen med mange feltdagar. Difor er det ein tett dialog der informasjon frå feltturar blir fortløpande formidla frå SNO til nasjonalparkforvaltar.

Underteikna lokalt SNO var sjukmeldt i delar av 2017-sommarsesongen, så fleire lokale SNO-are har difor vore inne og utført mange dagsverk i nasjonalparken.

SNO-lokalt samarbeider tett med nasjonalparkforvaltninga og freistar å delta på alle styremøte til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre. I tillegg kjem andre fellesmøte og synfaringar.

Anne Rudsengen
Naturopsyn
tlf: 95963888

Framsidedfoto: Ein av dei første sjølvregisteringskassene i samband med besøksforvaltninga på plass. Her frå Tungestølen på Veitastrond. Maria-forvaltar i samtale med to tyske turistar.

Innhald

Føreord.....	1
Innhald	2
Innleiing	3
Oppsynsaktivitet: kontroll, tilsyn, informasjon o.a	3
Kontroll og tilsyn	3
Formidling og informasjon	4
Grenseskilting og informasjonsskilting	4
Informasjon om farane ved breane.....	5
Registrering og overvaking	6
Artsobservasjon.....	7
Omtale av oppdrag og tiltak.....	8
Registreringsarbeid til besøksstrategien.....	8
Ferdselstellarar	10
Restaurering av kuråsa i Erdalen.....	11
Vedlegg:.....	14



Innleiing


Årsrapporten er mellom anna meint som innspel til *Bestillingsdialogen*. Dette er ein formell plattform mellom forvaltningsstyresmakta og SNO. Med bestillingsdialogen ser ein på kva for arbeid, tiltak og prioriteringar som bør utførast i forvaltningsområdet for kvart år. SNO rapporterer om aktiviteten i inneverande år og seier noko om kva som er utfordringar, utviklingstrekk og kjem med forslag til oppfølgingar. Dette vil då vere eitt av innspela og bakgrunnen for å stake ut kursen for neste år.

Årsrapporten gir også eit litt større bilde av arbeidet til lokal SNO utover Jostedalsbreen nasjonalpark.

Oppsynsaktivitet: kontroll, tilsyn, informasjon o.a

I følge førte timar har SNO tilsette lokalt utført til saman 15 vekeverk i felt i Jostedalsbreen nasjonalpark i 2017. Dette gjeld alt arbeid på både ordinært oppsyn/tilsyn, registeringsarbeid og diverse tiltak. Mykje arbeidstid er brukt i samband med sjølvregisteringskassene, ferdselstallarane og ikkje minst kurås-arbeidet i Erdalen.

Fordeling på ulike arbeidsoppgåver frå SNO-Luster (Anne) for 2017:



NP=nasjonalpark og landskapsvernområde, VO=andre verneområde.

Kontroll og tilsyn

Både SNO og nasjonalparkstyret kan på fritt grunnlag melde brot på verneforskrifta. SNO har ikkje anmeldt brot på verneforskrifta i 2017, men har bistått med informasjon og bilde til nasjonalparkforvaltninga.

I 2016 vart to saker vurdert etter reaksjonsforma *Miljøerstatning*, men utifrå tiltakets karakter og fordi det dreide seg om kulturminne, så vart ikkje denne reaksjonsforma nytta. I begge sakene fekk tiltakshavar høve til å utføre retting etter pålegg frå nasjonalparkstyret.

Utviklingstrekk og tilrådde oppfølgingspunkt

Nasjonalparken er stor, og det er umogleg å vere like godt tilstades overalt. Spesielt ser SNO at det er vanskeleg å følgje opp løyver knytt til restaurering og endringar av stølshus. Elles opplever oppsynet at det blir utført tiltak som merking av nye stiar og endringar av desse som ikkje er omsøkt. Mange av desse tiltaka er **godt meint**, men likevel tiltak som er søknadspliktige.

SNO trur at viss det hadde vore mogleg å hatt meir oppsyn tilstades ute for informasjon og rettleiing om verneforskrifta^[HY1], spesielt knytt til utøving av løyver, så ville ein unngått mange av dei feila som blir utført no knytt til restaurering, stimerking og også feiltolking av helikopterløyver.

Formidling og informasjon

Formidling om vern, naturforhold og liknande er ein viktig del av arbeidet til SNO. Vi synast att med SNO-logo på klede og bil noko som gjer at publikum gjerne tek kontakt. Gjennom sommarsesongen tek lokal SNO ofte kontakt med reiselivsaktørar, bønder, grunneigarar og andre som bruker nasjonalparken eller som tilrår bruk av nasjonalparken. Slik får ein kjennskap til ønsker, utfordringar og eventuelle konflikhtar.

SNO bidreg gjerne litt ekstra i ulike samanhengar for å formidle informasjon om nasjonalparken og liknande. I august bistod lokal SNO eit fransk TV-team som laga ein større produksjon med tittelen "Treasure in Europe", ein serie der kvart land blir presentert i eit 50 minutters langt program. Ein del av dette var intervju med SNO og filming fram mot Nigardsbreen.

Statistikken i *Feltdagboka* frå SNO-Luster (Anne) viser at til saman 594 personar er «informert» (snakka med om nasjonalparken og liknande) gjennom tilfeldig møte ute på oppsynsturar og 156 personar gjennom føredrag og informasjonsmøte mm. Fleire av oppsynsturane og mange av turane knytt til oppfølging av tiltak er gjerne i lag med grunneigarar eller andre «brukarar» av nasjonalparken.

Grenseskilting og informasjonsskilting

Nye grenseskilt (løveskilt) har kome og SNO har skifta nokre av dei gjennom sesongen. Nasjonalparkforvaltninga har også fått utarbeidd to typar underskilt med informasjon om

- Påminning om bandtvang
- Køyning forbode

Når det gjeld informasjonsskilta så blir ikkje dei erstatta før besøksstrategien er utarbeidd og vedteken etter høyringden nye merkevarestrategien er klar til bruk. ^[HY2]



Døme på underskilt. Her der det bandtvangtidspunktet som det informerast om ved Haugastøylen i Jølster der det er sau på beite.



Dei nye grenseskilta liknar på dei gamle men har betre kvalitet og har ein enklare og reinare utforming. Sunndalen i Stryn.

Informasjon om farane ved breane

Til saman står det fareinformasjon framføre ni brearmar i nasjonalparken i tillegg til den enno meir omfattande informasjonen som er gitt ved Nigardsbreen (naturreservat). Det blir stadig lengre fram til brefrontane, men terrenget i området der breen låg for nokre år sidan er ustabil, så brefareinformasjonen står slik at folk ikkje skal gå i dette område der faren for steinsprang er større enn andre stader.

Alle breinformasjonsskilta står ute heile vinteren utan å ha tatt vesentleg skade av det. Det vil vere for arbeidskrevjande å ta ned alle slik ein gjer ved Nigardsbreen.

Utviklingstrekk og tilrådde oppfølgingspunkt neste år

SNO opplever ei stadig auke i tal besøkande til nasjonalparken, og då i alle hovudsak til innfallsportane/grenseområde inn mot nasjonalparken. Fleire etterspør korte og enkle turar. Ei utvikling dei siste åra er at fleire turistar no parkerer bilane sine der vegen går over til grusveg, altså før ein har kome fram til parkeringsplass. Mange stader er det ikkje lagt opp til parkering her.

I samtale med reiselivsaktørar kring nasjonalparken er det generelt store forventingar til at det bør informerast og leggest betre til rette for dei besøkande i nasjonalparken.



Ved Styggevatnet inst i Jostedalen er det tilbud om padling, RIB-tur og brevandring på Austdalsbreen.



Padling på brevatnet nedunder Briksdalsbreen er ein aktivitet som er tøff nok når fallvinden frå breen er sterk.



Briksdalen, her med "Troll-bilane", er den mest besøkte innfallsporten til nasjonalparken.

Dei blå designskilta står nokre stader kring nasjonalparken og gir relevant informasjon til dei som treng det. Nokre stader er dei noko skada eller redusert. Det bør gjerast ei vurdering for kvart informasjonspunkt om dei av tryggleikssyn skal stå eller takast ned.

Det er ein stor jobb å ha ettersyn med alle åtvaringskilta og sperregjerda framføre ni ulike brear. Det bør avklarast om det skal vere ei fordeling av tilsynsansvaret mellom aktørarfleire.^[HY3]

Registrering og overvaking

Informasjonen som er mykje etterspurt i og kring nasjonalparken er tilstanden til brearmene. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) utfører bre-registreringar, med bistand frå m.a. Norsk Breuseum, på følgjande brearmar i nasjonalparken: Austerdalsbreen, Brenndalsbreen, Briksdalsbreen, Bødalsbreen, Fåbergstølsbreen, Haugabreen, Nigardsbreen, Stegholtbreen, Store Supphellebreen, Vetle Supphellebreen, Tuftebreen. I tillegg blir det utført massebalansemålingar på Austdalsbreen og Nigardsbreen. Informasjon om desse kan ein finne på NVE sine heimesider. SNO bistår gjerne med informasjon om snø- og føreforhold. Utover dette registrerte SNO, og fekk informasjon om, to interessante tilhøve knytt til bre:



Elva frå Austerdalsbreen førte med seg masser (leire og silt) som breen hadde slipt løs midtvinters. Truleg ikkje vanleg midt i januar.



21. august: Israset frå Supphellebreen sette ein propp i elva innunder den regenererte breen ein ser i bakgrunnen. Når proppen går blir det ein kortvarig flaum som tek med is heil fram mot parkeringsplassen. Foto: Ivar Supphellen.

Artsobservasjon

Vinteren 2017 baud på mykje utfordrande vêr- og føreforhold. Til dømes var det knapt snø i området nedunder Grovabreen i midten av februar. Likevel var dette året då SNO vart utfordra nasjonalt til å halde eit ekstra oppsyn med villrein for å sjå om det kunne vere dyr som viste teikn til skratesjuke (CWD). SNO oppdaga inga unormal atferd på dei dyra som vart registrert i og attmed nasjonalparken.



Mangel på snø i lia opp frå Dvergsdalstøylen i februar.



Nedunder Grovabreen fann reinen mat og kvile denne dagen i slutten av februar.

SNO bruker i perioden frå januar og ut vintersesongen tid på bestandskartlegging av jerv både innanfor og utanfor nasjonalparken. Område kring Fåbergstølsgrandane er ein stad som blir jamnleg besøkt av jerv i tillegg til området nord for nasjonalparken i Stryn. Utafor nasjonalparkgrensa inst i Jostedalen er det etablert ei jaktbu og åte der det blir drive lisensjakt på jerv (fram til 15. februar). Det vart ikkje skote dyr der i 2017, men jegarane spora jerv

innover heile Fåbergstølsgranane og oppover Stegholtbreen. På ekstraordinært uttak vart det felt ein han-jerv på Fåbergstølsgrandane i april i år. Gjennom beitesesongen i år er det ikkje registrert skader eller dødsfall på husdyr som skuldast rovvilt i fylket, berre to skader som skuldast kongørn. I beitesesongen 2016 vart det heller ikkje dokumentert at jerv har drepe sau i Sogn og Fjordane. Mykje informasjon om rovvilt finn ein på: <http://www.rovviltportalen.no/>



Jervemøkk-prøver samla inn av lisensjegere på jervejakt kring Fåbergstølsbreen.



Ikkje alle spor med fem tær er jerv. Her frå oterspor ved Brevasshytta nedunder Bøyabreen.

I sommar utførte forskarar frå Norsk institutt for naturforskning (NINA) sårbarheitsanalyser på både plante- og dyreliv i to lokalitetar i nasjonalparken: Veitastrond (Austerdalen og Langedalen) og Bergsetdalen i Jostedalen. SNO fekk ikkje høve til å delta, men har i lag med nasjonalparkforvaltar tilrettelagt for undersøkingar og bistått med utfyllande informasjon i etterkant. Resultat vil vere med på å gi meir basisinformasjon i nasjonalparken.

Utviklingstrekk og tilrådde oppfølgingspunkt neste år

SNO freistar å ha kontakt med diverse fagmiljø som driv kartlegging og forskning i og rett ved nasjonalparken. SNO vil halde fram arbeidet med bestandskartlegging av jerv. Ei meir intensiv overvaking/leiting etter andre aktuelle plante- eller dyreartar er tidkrevjande og må etterspørjast gjennom ein eintydeleg metodikk. Den sjeldne mnemosynesommarfuglen er kanskje den mest eksotiske arten som ein bør freista å kartlegge i nasjonalparken.

Omtale av oppdrag og tiltak

Bestilte ressursar frå nasjonalparkstyret til SNO er vist og kvittert ut i dokumentet i vedlegget. Her følgjer ytterlegare informasjon:

Registreringsarbeid til besøksstrategien

Eit stort arbeid vart i år lagt ned av nasjonalparkforvaltar og SNO, og også frivillige, med registrering av dei besøkande i nasjonalparken. Registreringa er eit ledd i arbeidet med ei besøksforvaltning for nasjonalparken, og skal utførast i alle større verneområde i landet.

Inn mot Jostedalsbreen nasjonalpark vart det sett opp i alt 21 registeringskasser fordelt på 19 stader. I tillegg var det i år fem ferdselstellarar i vår nasjonalparken og ein til i Breheimen nasjonalpark, der stien går aust til Kamperhamrane.



Mange turistar frå Asia besøker nasjonalparken, men prosentvis er det nok få som har fylt ut registreringsskjema fordi dei ikkje kan engelsk eller har tdårleg tid. Desse to damene ved Bøyabreen var eit unntak!



Nokre av sjølvregistreringskassene vart overfulle i løpet av ei veke. Kassa nedunder Supphellebreen høyrde til i den kategorien.



Maria kviler ut etter oppsett av kasse nr. 2. Her frå Hesteskyssplassen i Briksdalen ein fin dag tidleg i mai.



På kassa inst i Kjenndalen hadde dei besøkande mykje dei ville seie: heile innsida av kassa vart teikna ned med namn og anna bodskap.

Ferdselstellrarar

Ferdselstellrarane som SNO nyttar har pyro-sensarar, det vil seie at dei teller varmen på personen eller dyret som passer attmed sensoren. Teknologien gjer det mogleg å logge bevegelse i begge retningar med ei nøyaktigheit ned på time-nivå. Som i liknande teknologi vil det kunne førekomme feilregistreringar. To av tellarane som var aktive i nasjonalparken i sommar var plassert ein stad med telefondekning (Kattanakken og Tuftebreen) og tellerdatane vart då kvar dag sendt til ein database der ein kan hente telleinformasjonen frå. Samanfatta informasjon frå årets ferdselstellrarar:

Plassering	Tidsperiode	Begge retningar	Inn i nasjonalparken	Ut av nasjonalparken
Skåla	23.juni-10.okt	26 415	13 254	13 161
Kattanakken	1.juni-27.okt	6 099	3051	3048
Austerdalen	29.mai-2.okt	3988	2781	1207
Tuftebresteinen	7.juli-9.okt	1 222	735	487
Raudalen	23.juni-8.okt	498	431	67

Skåla:

Tellaren var plassert langs stien på ca. 600 moh og det er same stad som det har vore ferdselstellar tidlegare. "Skåla Opp" er den dagen med absolutt flest passeringar med kring 1500 personar ein veg. Elles så er det lett å lese frå statiestikken at mange går samstundes opp, og at mange passerer elva kring kl. 10:00, medan passeringar på veg ned igjen spreiar seg over eit lengre tidspunkt mellom kl. 15:00 og 18:00.

Kattanakken:

Tellaren stod på flata i starten av stien før ein starta oppstigninga. Her er det nokre overraskande høge tal på nokre dagar, og onsdagar er den dagen med flest passeringar gjennom året. Samanlikna med alle som passerer ved souvernierbutikken gjennom sommaren, ca. 300 000, så er det ca 1 prosent som går på stien i retning Kattanakken.

Austerdalen:

Ferdselstellaren har stått langs stien innafor Tungestølen i retning Austerdalsbreen, men før ein kjem ned på elveflata. Her må ein rekne med at dei besøkande har gått same veg både inn og tilbake (ut), ettersom det ikkje er andre stiar ut av dalen. Det er difor grunn til å tru at det er feil på registreringane ettersom inn- og ut-tala er så ulike.

Tuftebreen:

Her stod tellaren ved stien på moreneryggen kring 100 høgdemeter opp frå dalbotna. Dette var ein tellar som sendte registreringane til ein database undervegs. I starten fekk ein inn overraskande høge passeringar på tidleg kveld. Truleg fordi sensoren vart påverka av sollyset. Dette vart endra, og tala i tabellen er frå denne nye dato.

Raudalen:

Tellaren stod langs Ytste Leirvatnet i Raudalen i Skjåk, i Breheimen nasjonalpark. Forbi her går stien på den gamle ferdselsvegen mellom Stryn og Skjåk, som går over Kamperhamrane i Jostedalsbreen nasjonalpark. Litt store skilnader på inn- og ut-tala, men her er det truleg ein del som starter i aust og passerer gjennom dalen på veg til Kamperhamrane og vidare ned i Sunndalen. I tillegg til at området vert nytta i reinsjakta, og jegarane følgjer stien lite under jakt.

Sunndalen:

Tellaren var plassert langs starten av stien mot Sunndalsetra. Dessverre har det ikkje vore mogleg å hente ut informasjon frå denne tellaren.

Vedlagt årsrapporten er korte autogenerated rapportar for kvar ferdselstellar.

Restaurering av kuråsa i Erdalen

Erdalen i Stryn er den dalen i nasjonalparken med mest kyr på beite. Dyra er større no enn i den tida stølsvegen vart til. For at kyrne skal kome vel fram på dei gode beita inne i dalføret, var det trong for utbetringar av stien: kuråsa. Etter ein godt utarbeidd plan i fjor vart arbeidet utført i år. Grunneigarane/beitebrukarane i dalen hadde hand om tiltaket med innkjøpt arbeid frå Utmarksressurs og sherpaer. SNO v/Rune Holen brukte mange feltarbeidsdagar på stiarbeidet. Det vart også nytta ein mindre traktor og ein dumpar.



Overglatte sva, rett utafor nasjonalparkrensa, vart kuråsa lagt litt om for å ligge best mogleg i terrenget.



Kyrne tok i bruk den nye traseen med ein gong. Her har ein kome seg godt rundt den markterte steinen "Grytepål".



Døme på ei av dei fint bygde opne veitene som sherpane har bygd.



Før grusen var på plass tok kyrne kuråsa i bruk.

Utviklingstrekk og tilrådde oppfølgingspunkt neste år

Dette året har igjen vist at nasjonalparken er mykje besøkt og mange ynskjer å gå på tur. Inntrykket er at dei største gruppene ynskjer å gå i godt merkte og tilrettelagte stiar, det vil seie at kunnskapen om å ferdast i naturen ikkje er så stor. Inntrykket er også at fottursesongen strekker seg langt utover hausten når vêret er bra.

Lokal SNO freistar å følgje opp dei dispensasjonane og tiltaka som nasjonalparkstyret bestemmer. I tillegg blir det synfaringar som gjeld ønska tiltak frå bruksretthavar eller andre.

Det er naudsynt at ein går over stiane og sjekker vaiarane og steinsettinga kvar vår/tidleg sommar. Enkelt vedlikehaldsarbeid kan utførast då, men dersom noko av fagarbeidet er øydelagt så må det utførast av kunnig arbeidsfolk. Dette kan vere ein ukjent utgiftspost.

Vedlegg:

- Utkvitterte arbeidsoppgåver frå bestillingslist
- Informasjon frå fem ferdselstellarar

Vedlegg:

Dette er fjorårets liste. Årets liste er ikkje tilgjengeleg i redigerbar utgåve enno. Dei fleste oppgåvene er dei same i 2017 som i 2016.

Innspill om ønsket SNO ressurs. (Sett inn nye linjer for hvert bestilte oppdrag)							
År:	2016						
Bestiller:	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre						
Verneområder	Prioritet (kategori 1, 2, 3)	Forankring og beskrivelse av oppdraget	Anslått tidsbruk i dagsverk	Metodebeskrivelse evnt henvisning	Rapportering (rapportformat, lagringssted for rapp., egenskapsdata ol.). Stand. rap.verktøy som Verneomrddlogg, Artsobs, Natstat, anmeldelsesbase og Rovbase skal benyttes.	Rapporteringsfrist	Rapportering
Tilsyn/kontroll	1	Halde oppsyn med at verneforskrifta vert halde i Jostedalsbreen nasjonalpark.	Fortløpande	Jf verneforskrifta		Fortløpande	ok
Tilsyn/kontroll	1	Sjå til at styrevedtak vert overhalde i dispensasjonssaker.	Ved behov	Jf vedtak	Til forvaltar, ev anmeldelsesbase	Fortløpande	ok
Naturveiledning/informasjon	1	Vere til stades ved viktige arrangement og møte folk der dei ferdast.	Fortløpande		Årsrapport	Fortløpande	ok
Naturveiledning/informasjon	1	Vere tilstades med erfaring og kompetanse på styremøte/andre møte.	Ved behov		Årsrapport	Fortløpande	ok
Tilsyn/kontroll	2	Registrere ferdsle på enkelte stader, t.d. Skålastien	Ved behov	Foto, Eco Counter	Årsrapport	Før jul	gjennomført
Tiltak (skjøtsel/tilrettelegging)	2	Sjå til at innfallsportar har grensemerke og at gamle skilt vert bytta ut.	Fortløpande		Årsrapport	Før jul	delvis gjennomført
Kartlegging/registrering/overvåking (inkludert bevaringsmål)	2	Halde oversikt over truga og framande artar i verneområdet.	Fortløpande		Verneområdeloggen, artsobs, rovbaser	Fortløpande	lite
Kartlegging/registrering/overvåking (inkludert bevaringsmål)	2	Registrering og bilete av faste installasjoner, t.d bruer, løveskilt, stølsområde, infotavler, etc.	Fortløpande	Foto, gps	Verneområdeloggen	Fortløpande	delvis gjennomført
Kartlegging/registrering/overvåking (inkludert bevaringsmål)	2	Bidra i prosessen med forvaltningsplanen	Ved behov	Diskusjonspartner/ bidra med erfaring		Fortløpande	i møte/samtale
Kartlegging/registrering/overvåking (inkludert bevaringsmål)	3	Delta i prosjekt om kartlegging og innsamling av funn frå smeltande brear og isfonner	Avh av snømengd og sommarsmelting	I samarbeid med UiB og forvaltar	Årsrapport	Før jul	delvis gjennomført



STATENS
NATUR
OPPSYN

Skåla

Periode Analysert: Fredag 23 Juni 2017 til Tirsdag 10 Oktober 2017



Google ©2017 Google Imagery ©2017 CNES / Airbus, DigitalGlobe




Nøkkeltall

- Total Trafikk for Analyserte Periode: 26,415
- Daglig gjennomsnitt:240
Ukedager:195 / Helgedager:349
- Månedlig gjennomsnitt: 7,309
- Travleste Dag i Uken:Lørdag
- Travleste dager i Analyserte Periode:
 1. Lørdag 19 August 2017 (2,882)
 2. Onsdag 19 Juli 2017 (1,260)
 3. Tirsdag 25 Juli 2017 (878)

- Fordeling etter Retning:

■ Skåla IN:50%

■ Skåla OUT:50%






STATENS
NATUR
OPPSYN

Skåla


Periode Analysert: Fredag 23 Juni 2017 til Tirsdag 10 Oktober 2017




Ukentlig Trafikk




Uke Profil



Time Profil gjennom Ukedagene



Time Profil gjennom Helgen





STATENS
NATUR
OPPSYN

Kattanakken

Periode Analysert: Torsdag 01 Juni 2017 til Onsdag 01

November 2017



Kleivafossen

Google, map data ©2017 Imagery ©2017 CNES / Airbus, DigitalGlobe




Nøkkeltall

- Total Trafikk for Analyserte Periode: 6,099
- Daglig gjennomsnitt:40
Ukedager:40 / Helgedager:40
- Månedlig gjennomsnitt: 1,205
- Travleste Dag i Uken:Onsdag
- Travleste dager i Analyserte Periode:
 1. Onsdag 19 Juli 2017 (215)
 2. Onsdag 09 August 2017 (191)
 3. Torsdag 20 Juli 2017 (149)

- Fordeling etter Retning:

■ IN:50%

■ OUT:50%





STATENS
NATUR
OPPSYN


Kattanakken

Periode Analysert: Torsdag 01 Juni 2017 til Onsdag 01


November 2017




Ukentlig Trafikk




Uke Profil



Time Profil gjennom Ukedagene



Time Profil gjennom Helgen





STATENS
NATUR
OPPSYN

Austerdalen

Periode Analysert: Mandag 29 Mai 2017 til Mandag 02 Oktober 2017




Nøkkeltall

- Total Trafikk for Analyserte Periode: 3,988
- Daglig gjennomsnitt:32
Ukedager:34 / Helgedager:27
- Månedlig gjennomsnitt: 979
- Travleste Dag i Uken:Tirsdag
- Travleste dager i Analyserte Periode:
 1. Tirsdag 22 August 2017 (155)
 2. Onsdag 19 Juli 2017 (134)
 3. Tirsdag 18 Juli 2017 (108)


- Fordeling etter Retning:

■ IN:70%


■ OUT:30%




Ukentlig Trafikk




Uke Profil



Time Profil gjennom Ukedagene



Time Profil gjennom Helgen





STATENS
NATUR
OPPSYN

Tuftebreen

Periode Analysert: Lørdag 08 Juli 2017 til Tirsdag 10 Oktober 2017




Nøkkeltall

- Total Trafikk for Analyserte Periode: 1,222
- Daglig gjennomsnitt: 13
Ukedager: 12 / Helgedager: 14
- Månedlig gjennomsnitt: 396
- Travleste Dag i Uken: Søndag
- Travleste dager i Analyserte Periode:
 1. Søndag 30 Juli 2017 (121)
 2. Mandag 18 September 2017 (71)
 3. Fredag 22 September 2017 (55)


- Fordeling etter Retning:

IN: 60%


OUT: 40%




Ukentlig Trafikk




Uke Profil



Time Profil gjennom Ukedagene



Time Profil gjennom Helgen





Intet bilde tilgjengelig.
Du kan legge til et bilde
i tellerens Eco-Visio fil.


Nøkkeltall

- Total Trafikk for Analyserte Periode: 498
- Daglig gjennomsnitt:5
Ukedager:4 / Helgedager:5
- Månedlig gjennomsnitt: 140
- Travleste Dag i Uken:Onsdag
- Travleste dager i Analyserte Periode:
 1. Onsdag 19 Juli 2017 (39)
 2. Lørdag 26 August 2017 (21)
 3. Torsdag 20 Juli 2017 (21)

- Fordeling etter Retning:

Raudalen IN:87%

Raudalen OUT:13%






STATENS
NATUR
OPPSYN

Raudalen


Periode Analysert: Fredag 23 Juni 2017 til Søndag 08 Oktober 2017




Ukentlig Trafikk




Uke Profil



Time Profil gjennom Ukedagene



Time Profil gjennom Helgen



04.12.2017